

Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR
NR. 1 – MARS 2009 – 12. ÅRGANG



"Huldrelvs" over stølsmiljø i Sanddalen i Vang i Valdres. Foto: Nils Indrehus

Innhald:

Seterkonferansen 2009	side 2
Stølslandskapet	side 3
Inner Gammelsetra	side 4–5
"Kinsolaupen"	side 6
Stølsprosjektet	side 6



Neste blad

kjem i juni med m.a. fyldig stoff frå Stølskonferansen 2009 og NSK sitt 10-årsjubileum. Vi minner elles om at juniutgåva av Seterbrukaren gjerne omtalar arrangement som skal skje i "seterlandet" sommaren 2009, så send oss informasjon om slikt – helst innan 20. mai.

Hardangervidda

og Halne Fjellstova er staden for årets seter-toppmøte! Dagane 22.-23. mai blir fylt med spennande fagleg program og i tillegg årsmøte i Norsk seterkultur.

Norsk seterkultur 10 år

20. mars 1999 vart Norsk seterkultur skipa, og dermed er det naturleg å markere organisasjonen sine første 10 år. Seterkonferansen og årsmøtet 22.-23. mai blir den viktigaste markeringa av 10-årsjubileet. Ideen om organisasjonen går lengre attende på 1990-talet, og så førte prosjektet "Norsk senter for seterkultur" (1997–1999) fram skipinga av NSK. Skipingsmøtet fann stad på Klones landbruksskule i Vågå 20. mars 1999.

Styret:

Stein Brubæk, leder
6636 Angvik, tlf. 71 29 27 32/91 56 32 59
sbrubæk@c2i.net

Siv Eggen, nestleiar
7760 Snåsa, tlf. 48 10 27 85
sbeggen@msn.com

Geir Grosberg
2640 Vinstra, Tlf 92 89 26 65.
ggrosber@online.no

Odd Arne Espeland, Jondal
5627 JondalTlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55
odar-esp@online.no

Per-Sigve Lien
Fagsjef i Tine Medlem
per.sigve.lien@tine.no
Tlf. 64 97 37 09/90 77 28 58

Varamedlemmer

Mari Søbstad Amundsen
Weidemannsvn. 15, 7014 Trondheim
marisobs@stud.ntnu.no

Oddveig Eggen
2550 Os i Østerdalen Tlf. 62 49 71 86
post@spellmoen.no

Nanfrid Røysland
3656 Atrå
selstali@selstali.com

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169
Redaktør: Jostein Sande
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.
Framsidedfoto: Nils Indrehus

Slåss for rammevilkåra til seterbrukaren

Politikk er noe man bør drive med hele året, men situasjonen for mange av oss bønder er at arbeidsdagen blir for lang til at det er tid til å drive politikk. Alle fylka har revidert sine Regionale miljøprogram i høst/vinter. Det toget er gått for denne gangen, men i flere fylker ser det ut som om man har klart å forbedre setertilskuddet radikalt.

Nå står Jordbruksforhandlingene for døra. Det er mulig å gi innspill til faglaga og påvirke under de forhandlingene som vil komme. Jeg mener det må være svært gunstig å argumentere for at tilskuddet til utmarksbeiting skal økes radikalt. Kulturlandskap og gjengroing er et tema som alle er opptatt av.

Likevel tror jeg at det er en enklere strategi å påvirke slik at man i forhandlingene kan bli enige om å øke potten til de regionale miljøprogramma. Dette sitter nok langt inne hos faglaga men kanskje kan Staten være vår støttespiller. Jeg er overbevist om at det er lettere å påvirke i de regionale

forhandlingene slik at midlene kommer seterbrukaren til gode.

Om vi tør tenke stort så kanskje skal vi lansere tanken om at setermelka blir like godt betalt som økologisk melk! Næringsmessig er det liten tvil om at setermelka er noe av det beste som fins. Tine har sagt seg interessert i å lansere setermelka som eget varemerke hvor det er mengde nok til at dette kan være rasjonelt og lønnsomt. Dersom setermelka også skulle få en høyere pris til bonden ville nok innsatsen for å få ut dette produktet som eget merke med høyere pris gå betydelig raskere!

Stein Brubæk, styreleder i Norsk seterkultur

Stein Brubæk, styreleder i NSK



Seterkonferansen 2009 arrangeres på Hardangervidda

Seterkonferansen 2009 holdes 22.-23. mai på Halne Fjellstova på Hardangervidda. Halne Fjellstova er en tradisjonsrik fjellstue som ligger 1140 moh, med flott utsikt over den 13 km lange Halnefjorden. Fjellstua ligger ved riksvei

7, omtrent halvveis mellom Oslo og Bergen i Hardangerjøkulen/Skaupsjøen landskapsvernområde. For de som kommer med tog er Haugastøl stasjon det nærmeste. Det blir organisert transport fra og til stasjonen.

Vi håper på en like vellykket konferanse som i fjor med minst like mange deltakere. Vi er i et område med lange tradisjoner for støling, og det er fortsatt mange støler i drift.

Nytt i år er at konferansen kombineres med årsmøte i Norsk Seterkultur. Fredag



og deler av lørdag blir er det konferanse med ulike tema, mens det lørdag ettermiddag blir tradisjonelt årsmøte. Det jobbes med programmet men hovedtema for årets konferanse vil bli "vertskapsrollen". Mer om programmet finner dere i egen annonse.

Vi oppfordrer alle seterbrukere om å møte opp. Dette er en nyttig samling for å utveksle erfaringer skape nettverk og få nyttige innspill til videreføring av seterbruket.

For mer info om stedet for konferansen: www.halne.no

Innkalling til årsmøte i Norsk seterkultur

Det kalles inn til årsmøte i Norsk seterkultur på Halne Fjellstova, Vøringsfossen på Hardangervidda lørdag den 23. mai 2009.

Årsmøtet holdes dagen etter Seterkonferansen.

Se eget program for Seterkonferansen/Årsmøtet i dette nummeret av Seterbrukaren.

Styret

STØLSKONFERANSEN 2009:

SETRA – BONDENS GULL

Fredag 22. mai og lørdag 23. mai 2009, Halne Fjellstova, Vøringsfossen på Hardangervidda.

Fredag 22. mai – Vertskapsrollen, hverdagen på setra før og nå!

12.15 Lunsj

13.00 Velkommen til Stølskonferansen 2009

– styreleder i Norsk Seterkultur

13.05 Velkommen til Eidfjord kommune

v/ordføreren i Eidfjord kommune

13.15 Buferdsgang til Stavali v/Pascale Baudonelle

13.45 Bevisstgjøring av de kvalitetene setra har

å tilby v/Karoline Daugstad, Norsk Senter for

Bygdeforskning.

14.45 Fylkesmannen i Hordaland, Sogn og

Fjordane, Buskerud og Telemark (15 min innlegg

om næringsutvikling og virkemiddelbruk for

stølsområda)

15.45 Pause

16.00 Pål K. Medhus: «Markedsføring av og

verdiskaping på setra»

17.00 Nannfrid Røysland: «Slik gjer vi det på

Selstali!»

18.00 Ordskitte

19.00 Avslutning for dagen

20.00 Middag

Ystebui vil ha salgsstand med forskjellig utstyr til melkeforedling.

Lørdag 23. mai – Årsmøte i Norsk seterkultur

09.00 Norsk Seterkultur og organisasjonsutvikling.

Framtida for organisasjonen v/styreleder

Stein Brubæk

09.30 Debatt

10.00 Årsmøte

12.00 Avslutning og lunsj,

avreise

Tog fra Oslo kl. 6.35 – Geilo kl 10.13

Tog fra Bergen kl 7.58 – Geilo kl. 10.56

Buss til Halne fra Geilo kl 11.40 – fremme Halne

Fjellstove kl 12.05

Bil fra Oslo tar 4 timer

Bil fra Bergen tar 3,5 timer

Prisen for oppholdet fra lunsj fredag, middag, overnatting, frokost og lunsj lørdag er kr. 1750,- pr. person.

PÅMELDING TIL Stein Brubæk, 6636 Angvik, mail: stein@lfr.no innen 1. mai 2009.

Foto nytta som bakgrunn: Johan Sandberg

Stølslandskapet inn i det 21. århundret

Katharina Sparstad, kulturminne-konsulent i Valdres Natur- og Kulturpark, heldt nyleg eit foredrag i regi av "Bredablikk" på Glomdalsmuseet i anledning Kulturminneåret 2009. Tittelen på foredraget var "Kille – killebukken. Stølslandskapet inn i det 21. århundre".

Bakgrunnen for foredraget er at Valdres med dei seks kommunane, Etnedal, Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Øystre og Vestre Slidre og Vang, vart Noregs fyrste regionale natur- og kulturpark i 2007. Ei av hovudsatsingane er auka verdiskaping i landbruket i form av lokal foredling og opplevingsturisme. I 2006 vart Valdres også ein av dei 11 pilotane for Verdiskapingsprogrammet for kulturminne under Riksantikvaren (RA). Pilotarbeidet inneber mellom anna ei styrking av stølsdrifta i Valdres.

I 10-årig plan for Valdres står det: "Valdres natur- og kulturpark er en bygdeutviklingsregion som gjennom langsiktig merkevarerbygging knyttet til natur- og kulturverdier – og lokal styring – skal gi økt verdiskaping og livskraft i lokalsamfunnene.

Samtidig tar Valdres vare på og utvikler viktige verdier av lokal, nasjonal og internasjonal betydning for framtidige



Kulturminne-konsulent Katharina Sparstad.

generasjoner."

I dette ligg det at vi skal ha auka verdiskaping samstundes som vi tek vare på verdiane våre.

Liten jordveg – store beiteressursar

Noko av det som særmerker Valdres er liten jordveg – men enorme beiteressursar i fjellområdene. I dette landskapet finn vi både eit sjeldsynt biologisk mangfald og ei bygningsmasse som har vore tilpassa naturgrunnlag. Beitegrunnlag og mjølkeforedlinga la premissane for plassering og utforming.

I dag er mange stader grunnlaget for

denne utforminga endra. I dag finn vi i staden:

- Nedlagte stølar i forfall
- Nedlagte stølar som feriestad
- Stølar i drift med behov for utviding
- Stølsdrift med tilleggsmat
- Tradisjonell stølsdrift
- Og nokre yttarst få som driv på "gamlemåten"

Ingen ting er statisk

Ei av kjernefordringane for Valdres i dag er korleis vi kan ta vare på den gamle bygningsmassen i stølsområda samstundes som vi opprettheld livskraftig stølsdrift etter dagens moderne standard. Samstundes er det viktig å ha i tankane at bruken av stølsområda har endra seg gjennom fleire tusen år og – og at mange kulturminne i desse områda for lengst er attgrodd og gløymt fordi premissane for bruken vart endra.

I høve til bygningsmassen er eit konkrete tiltak Valdres gjer å utarbeide ein rettleiar for byggeskikk i Valdres. Rettleiaren har sitt opphav i "Handlingsplan for kulturminne og verdiskaping i Valdres", der ein av dei langsiktige strategiane er at Valdres skal "ha en bygningsmasse som gir et representativt ansikt utad".

Framhald på side 7

Inner Gammelsetra

Eg meiner vi så absolutt driv meningsfylt matproduksjon, det er bonde og matprodusent eg er og vil vera – men sjølv sagt er vedlikehald av kulturlandskapet eit resultat og ein del av gards- og seterdrifta. Det er Pål Svisdal, bonde i Nestu'n i Svisdala og seterbrukar på Inner Gammelseter'n i Grøvudala, som seier dette.

Vi er i Sunndal kommune, og Pål Svisdal driv gard i den delen av Sunndalen som blir kalla "Fjillgardan". Husa i Svisdalen ligg 600 m.o.h. og drifta på garden omfattar i dag 13 kyr og 72 tonn kvote og knapt 100 vinterfora sauer. Pål fortel at dei haustar om lag 240 dekar, mykje godt to slåttar attåt beiting vår og haust. Garden har god hamning nære med, så i 40-50 år vart ikkje setra på Gammelsetra i Grøvudalen bruka. Men i 1996 kom drifta på Inner Gammelsetra i gang att, etter stor innsats med restaurering og nybygg. Oddbjørn, bror til Pål, var ei avgjerande drivkraft for å få til dette. Han gjorde ein kjempeinnsats sjøl og sto i spissen for mykje dugnadsarbeid. Diverre fall Oddbjørn frå så reint for tidleg. Mange av Seterbrukaren sine lesarar minnest nok Oddbjørn - m.a. for det fengande ljøsbilet-kåseriet han heldt da Norsk seterkultur hadde årsmøte i Oppdal for ein del år sidan.

Mykje idealisme

Heilt sidan 1970-talet har seterdrifta på Gammelsetra hatt eit sterkt preg av idealisme og vore organisert på heller utradisjonelt vis. Organiseringa har skifta og nye generasjonar budeier har kome til. Det var Oppigard på Gravem, eit gardsbruk nede i Sunndalen, som setra lengst på "gammelmåten" der inne på. Da legendariske Helga og Trond Gravem ga seg, var det ungdomar som hadde gått i lære hjå dei som vidareførte drifta – delvis som ein lekk i kampen mot dei kraftutbyggingsplanane som truga og au for å ta vare på ein verdfull arv. Dei vidgjetne seterkursa, arrangert i samarbeid med Nordmøre Ungdomslag, har vore ein del av denne drifta heilt sidan 1972, og fleire hundre budeier har vorte



"uteksaminert" der. Drifta har vore basert på å leige både seterhus og dyr. I dag er drifta organisert gjennom Stiftelsen Gammelsetra, som altså leiger dyr og hus av Pål Svisdal.

Alt foredla på setra

Pål Svisdal er òg med i stiftelsen som har ansvar for drifta, og han fortel at det vanlegvis er 10 kyr og eit par kalvar med til seters. Halvparten av kyrne hans kalvar i september/oktober og hi helvta i februar/mars, såleis blir det produsert ein god del mjølk på setra – sjøl utan at kyrne får meir enn om lag 2 tonn kraftfor. Buskapen blir ført dei 17-18 km innover sist i juni og er der til kring 20. august. Sidan setra er veglaus så blir all mjølka foredla der – til ost og smør. Sonen Jørgen, som har vore mellom seterdrivarane i mange år, fortel at dei kokar brunost og gubbost i ei jarngrøte som tek 100 liter om

ein fyller ho til randen. Røringa skjer manuelt, og heile prosessen tek 8-12 timar – alt etter trekk, kor god veden er og kor dyktig ein er til å fyre. Han fortel elles at dei har ein heimlaga ostekjølar med sirkulerande vatn under behaldaren der osten blir rørt kald. Det meste av produkta blir omsett på setra, men seterfolket nyttar au høvet til å selje på ymse arrangment kringom i bygdene. Inntil setervollen ligg det ei turisthytte og Grøvudalen har mykje trafikk av fjellvandrarar gjennom sommaren. Produkta frå setra er sjølsagt kjærkomne for dei som finn vegen til Grøvudalen. Kring 10 tonn mjølk blir foredla til tradisjonelle seterprodukt i løpet av dei knapt to månadane kyrne frå Svisdalen er på setra.

Nasjonalt kulturlandskap

Det ville vore ille om om kraftutbyggingsplanane for Grøvu,

i Grøvdalen



Både kyrne og seterfolket er glade for å kome til setra. Alle foto: Pål Svisdal

Gammelsetra i vinterdrakt.

med m.a. fullstendig neddemming av Grøvdalen, hadde vorte realisert. Vi kjempa i mot, og heldigvis lukkast vi, seier Pål Svisdal. Dei store natur- og kulturverdiane vart sikra gjennom varig vern av vassdraget og seinare vedtak om nasjonalpark – Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark - og landskapsvernområde. Men det krevst skikkeleg forvaltning, legg han til, og held fram at tradisjonell bruk som beiting og seterdrift er naudsynt, bruk er det beste vern! Eg ser ikkje dei store problema med vern, eg ser mulegheiter, seier han, og fortel at no er fjellgardane langs Grøvu og seterdalane der føreslegne blant dei nasjonale kulturlandskapa som skal sikrast for framtida. Dette vil tilføre økonomiske midlar i form av ekstra betaling for skjøtsel, men det føreset sjølsagt at vi som brukar området tek ansvar! Såleis skal kyrne og sauene få hjelp av ein liten geitflokk til

utføre denne jobben, seier Pål. Med 11 geitkje og ein bukk, henta frå ”friskare geit”-buskap på Sunnmøre, er geita attende i Svisdalen.

Fjellgardane i Sunndal

Desse grendene omfattar frå gammalt sju matrikelgardar, med busetnad på seks av dei i dag. Ein gong budde det så mykje folk der at det var to skulekrinsar! Den tida er for lengst forbi, no er mange bruk og heimar fråflytta – men landskapet ber framleis sterkt preg av tidlegare tidars bruk. Seterdalane Lendalen, Reppdalen, Grøvdalen og Grødalen byr på rikt voksterliv og svært gode beite, og svært mange gardsbruk, heilt ned til Sunndalsøra meir enn 5 mil unna, var i tidlegare tider heilt avhengig av setrene og beita der oppe. Mykje fôr frå seterlykkjene vart og ført ned i Sunndalen. All denne aktiviteten har skapt eit

kulturlandskap og eit biologisk mangfald som ein neppe finn maken til, og som er vel verdt eit besøk. Og da hører ein tur til Gammelsetra i Grøvdalen med.

SETERKURS

blir det på Gammelsetra i Grøvdalen også i år. Jørgen Svisdal opplyser at det er lagt opp til kurs i veke 29, med fram møte søndagskvelden den 12. juli og avslutning laurdagskvelden den 18. juli. Foreløpig er det planlagt eitt kurs, men blir det mange påmeldingar kan det bli eitt til, fortel Jørgen Svisdal som er kontaktperson for kurset. Tlf. 99251626 for meir informasjon.

Det har vore halde seterkurs på Gammelsetra sidan 1972. Fram til 1995 på Heimer Gammelsetra, sidan på det restaurerte seteranlegget på Inner Gammelsetra. Som før blir det dreve på gamlemåten, med ysting og kinning og setra er både veglaus og utan straum.

”Kinso- laupen”

*Ei forteljing frå garden Sekse
i Ullensvang.*

I tidlegare tider støla Sekse-gardane i Solheimsdalen på Hardangervidda. Buføringa dit var både lang og færefull og det var ikkje alltid så lett å koma over den store elva Kinso ”både folk og kveg var i stor nød og fare over elva”. Det som vart kallande ”Kinsolaupen” eller og ”Solheimsdal-laupen” var at folk på Sekse truleg i katolsk tid, i alle fall lenge før 1659, batt seg til ei gåve på 7 ”spann salt” til kyrkjestolen i Kinsarvik. (Spann er lik 0,5 våg, dvs. 9kg). Presten skulle be for buføringa deira, so dei skulle ha lukka med fe og folk på fjellveg og i fjellet. Dette var ein vanleg assurance den tida. Kristendom var då ein magireligion I 1725 kjøpte sokneprest Brose Kinsarvik-kyrkja og ”laupen ” fylgde med som landskyld som kvilde på dei to Sekse gardane Midt-Sekse og Sekse – Trappetun. ”Kinsolaupen – Solheimsdal-laupen” vart innløyst for alltid i 1918. Kor mange hundre år seksingane har betalt denne ekstraskatten, er det ingen som veit.

Ei sann histori frå ei faren tid, fjellet var livsviktig for å overleva. Gardane var heller små, dyrkajorda måtte brukast til åkerbruk. Det vart sankt for alle stader, liene var om lag finraka etter gras og lauv vart sankt til for i store mengder. Det var ikkje beite til dyra heime dei måtte til fjells . På Hardangervidda var det gode stølar med rikeleg og godt beite. Det som ofte var vanskeleg var den lange vegen, 5-7 mil-lang stølsveg var ikkje uvanleg. Det var vel heller ikkje spøk å vera åleine budeie på støl så langt heimanfrå. Her fór fantar som ville prøva røva av budrotten, år om anna kunne rovdyra óg vera ei stor plage. Då var trua god å ha og budeia fekk setja si lit til ”Storemannen ”

Odd Arne



Frå Gjevillvassdalen, Oppdal. Foto: Johan Sandberg

Utgreiingsprosjekt vedrørande stølsdrift

Stølsprosjektet i Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal skal stimulere til auka nærings-verksemd i samband med stølsdrift, jmf St.prp. nr. 69 (2004-2005) Om jordbruksoppgeret 2005.

Det er øymerka 10,0 mill. kroner over ein 5-årsperiode til prosjektet. Dei tre prosjektfylka er interessert i å få fram ny kunnskap vedrørande stølsdrift – både i høve til å oppretthalde tradisjonell drift og utvikling av nye næringar. Såleis ynskjer ein gjennomført eit utgreiingsprosjekt, og ein håpar aktuelle forskingsmiljø finn dette interessant.

Aktuelle finansierings-institusjonar er m.a. Norges Forskningsråd og Innovasjon Norge. Prosjektfylka vil óg kunne bidra noko økonomisk til gjennomføringa, heiter det i brev til ei rekkje forskingsinstitusjonar.

Fylkesmennene i Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal ynskjer i samarbeid med Norsk seterkultur å starte eit utgreiingsprosjekt om stølsdrift der målet er å: definere rammevilkår for å kunne oppretthalde ei aktiv tradisjonell stølsdrift og synleggjera moglegheiter for auka verdiskaping på stølen ved utvikling av tilleggsnæringar.

Utgreiingsprosjektet skal svare på følgjande spørsmål:

- Kva rammevilkår må vera til stades for å oppretthalde tradisjonell stølsdrift?
- Korleis oppnå auka verdiskaping på stølen gjennom utvikling av tilleggsnæringar?

Rammevilkår

Utgreiingsprosjektet skal gje kunnskap om viktige rammevilkår for å oppretthalde ei framtidretta tradisjonell stølsdrift. Her er det også sentralt å finne ut kva

tiltak og verkemiddel (økonomiske og juridiske) styresmaktene kan setja i verk t.d. gjennom landbrukspolitikken, for å oppretthalde ei aktiv tradisjonell støling.

Auka verdiskaping på stølen ved utvikling av tilleggsnæringar Utgreiingsprosjektet skal peike på moglegheiter for auka verdiskaping på stølen gjennom utvikling av lønsame tilleggsnæringar.

Ulike metodar kan vera aktuelle:

- Case-studie for å synleggjera suksesshistorier. Intervju med stølsbrukarar som har lukkast.
- Kartlegge flaskehalsar og moglegheiter, m.a. i høve til:
- Stølen, stølsmiljøet og stølskulturen
- Reiselivsnæringa og -aktørar
- Marknad, trendar og utviklingstrekk i etterspurnadsmønster
- Intervju med stølsbrukarar, representantar for fylka, reiselivsnæringa og Norsk Seterkultur

Forskningsinstitusjonen får hovudansvaret for metodevalet.

Rammer for eit utgreiingsprosjektet

Geografisk område: Utgreiingsprosjektet omfattar dei tre fylka Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal.

Tidshorisont: Ferdig søknad til aktuelle finansjører i fyrste halvår 2009.

Utgreiingsprosjektet gjennomført innan 1. april 2010.

Organisering: Prosjektleiinga vert lagt til forskingsinstitusjonen. Referansegruppe med representantar frå FMLA Hedmark, Oppland, Møre og Romsdal og Norsk Seterkultur.

Formidling: Seminar med presentasjon av rapport. Resultata frå prosjektet vert presentert i kronikk eller artikkel i fagblad og avis.

Framhald frå side 3

langsiktige strategiane er at Valdres skal "ha en bygningsmasse som gir et representativt ansikt utad"

Dersom vi skal legge til rette for framtidig stølsdrift må:

- selet fungere som fullverdig sumarbustad
- husa tilpassast dagens landbruk med større driftseiningar
- bygningsmassen leggjast til rette for tilleggsnæringar. Vi må derfor ta omsyn til:

1. Mattilsynet/hygiene

2. Standardkrav frå utanlandske marknader

3. Heilårsbruk (isolering)

- Vi må ta innover oss at stølslag er ulike

Mange stølsbygg i Valdres er verneverdige. Korleis bruke dei utan å øydeleggje verneverdien?

- Skal vi legge opp til ei museal drift med stølsdrift som opplevingsprodukt?

- Eller skal vi rive ut dei gamle ostehyllene og produsere mat for sal etter dagens hygienekrav etter EU-standard?
- Eller skal vi rett og slett gjere som dagen landbrukspolitikk legg opp til - utvide bygningsmassen slik at vi får plass til større einingar?

Uansett – det er stølsbrukarane som skal realisere målsettingane våre om stølsdrift i framtida. Derfor må vi byrje med å lytte til deira behov.

For å lykkast må vi:

- Harmonere lovverket
- Forankre rettleiar hjå byggesaksbehandlarar
- Integre felle målsettingar hjå landbrukskontor (SMIL- ordninga)
- Koordinere BU-midlar
- Norsk kulturminnefond
- Opplæring av handverkarar
- Utarbeide konkrete løysningsforslag for ny bruk av gammal bygningsmasse (arkitektoppgåve)

Er vi på rett veg?

Kan vi på denne måten skape eit vitalt og attraktivt landbruk for komande generasjonar

- med styrka livsgrunnlag,
- intakt kulturlandskap,
- tilpassa byggeskikk



Frå Skjelstølen i Øystre Slidre. Foto: Geir Noring



Dersom vi skal legge til rette for framtidig stølsdrift må selet fungere som fullverdig sumarbustad, seier Katharina Sparstad som òg har teke bileta.

- og flest muleg gamle hus i bruk – utan å øydeleggje særpreget?

Bruk bladet og nettstaden!

Vi minner som alltid om at spaltene i Seterbrukaren og på www.seterkultur.no er opne! Vi veit det skjer mykje på setrene, mange er opptekne av seterdrifta og seterkulturen og vi ynskjer å kunne bringe slik informasjon ut til ålmenta. Enklast er det å sende tekst og bilete til seter@seterkultur.no, men adressa Norsk seterkultur, 6214 Norddal er òg brukande.

Markedsplassen

-enno er det langt til vår, men likevel kjem det i desse dagar jamt førespurnader (mest og helst som e-post) til Norsk seterkultur om jobb på seter, frå røynde og urynde som ynskjer å prøve seterlivet – og frå seterbrukarar som treng hjelp. Vi får rett som det er meldingar om at dei "møtest" på www.seterkultur.no - kjekt å vera til hjelp! Og godt eksempel på at det nyttar å bruke markedsplassen på nettsida til Norsk seterkultur – så oppmodinga ly'er nok ein gong: bruk www.seterkultur.no!

Adresseending

Ein skal ikkje flytte langt før Seterbrukaren får problem med å finne fram! Er ikkje adressa heilt rett kjem blada i retur. Difor er det viktig at medlemar og abonnentar melder frå om adresseending.

Fotodokumentasjon til Sæterhandboka

Som vi har omtala tidlegare er det planar om å utarbeide ei sæterhandbok. Gro Aalbu, saksbehandlar landbruk i Oppdal, opplyser at styringsgruppa for sæterhandboka skal ha møte i april. Ein arbeider med finansieringa, og håpet er at dei involverte fylkesmennene no stiller opp økonomisk.

Gro Aalbu oppfordrar elles til aktiv fotografering i sommar, av fine sæteranlegg, gode tekniske løysingar i fjøs og mjølkhandtering, vassforsyning, kjøling, aggregat, løysingar ute med beite og gjerde, sanitæranlegg m.v. Ho understrekar behovet for mykje fotodokumentasjon.

For kontakt: Gro Aalbu, 7340 Oppdal, tlf. 72401811, e-post: gro.aalbu@oppdal.kommune.no



Foto: Marthe Mølstad



Aktionsnummer: Foto: © Verne Gårdsene

FORMEL

FORMEL gir best tilpasning til beite

Rett FORMEL på beite gjør det enklere å:

- Holde ytelsen ved hard beiting
- Holde høgt proteininnhold i mjølka
- Tilføre nødvendige mineraler

FORMEL Favor 28	Til svært godt beite og raigrasbeite med lågt innhold av fiber.
FORMEL Favor 30	Til middels godt beite.
FORMEL Elite	Til middels beite og ønske om høg mjølkeproduksjon. Når beitekvaliteten avtar og kyrne må ha høg kraftfôrandel i fôrrasjonen.
FORMEL Favor 20	Til utmarksbeite og svakt gjødsla beite.

Kraftfôrmengdene må justeres etter utvikling i mjølkemengden, holdet på dyra og beitekvaliteten.



Bli med i



Medlemskontingent 2009

Aktiv seterbrukar	kr. 400,-
Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 300,-
Organisasjon/institusjon	kr. 600,-

Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjon/institusjon
- Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn:

Adresse:

Telefon:

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: www.seterkultur.no

NORSK SETERKULTUR

6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51 169



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen og vi støttar Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma